

HOVUDUTSKRIFT

FOR

SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK IKS

REPRESENTANTSKAPSMØTE (på Ulstein rådhus)

Møtedato: 20. mai 2021
Tidspunkt.: Kl. 10.00 – 12.30

Som medlemmer møtte:

Herøy: Bjørn Prytz (t.o.m. sak R10/21), Gunn Lise Voldsund, Karl-Oskar Sævik
Ulstein: Knut Erik Engh, Berit Overvåg Hjorth, Oddvar Gjerde
Hareid: Bernt Brandal
Sande: Olav Myklebust

Følgende medlemmer møtte ikkje:

Herøy: Tor-Sindre Steinsvik
Hareid: Kjetil Nasset
Sande: Anne-Marte Skarmyr Beitveit

Som varamedlemmer møtte:

Ann-Katrin Storøy (for Tor-Sindre Steinsvik) – t.o.m. sak R09/21
Wenche Bjørkeng (for Anne-Marte Skarmyr Beitveit)

Frå styret møtte: George Fulford, Camilla Storøy, Margareth Leinebø, Kjartan Grimstad og Bjarte Uglum.

Frå administrasjonen møtte: Einar Heimdal, Andrea Sæverud, Rune Tarberg

Andre: Revisor Einar G. Løkken

Saker som vart handsama: Sakene R01/21 – R13/21

Vedtaksaker:

SAK NR R01/21

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Vedtak, samr.:

Innkallinga og saklista vart godkjend.

SAK NR R02/21

VAL AV TO REPRESENTANTAR TIL Å SKRIVE UNDER MØTEPROTOKOLLEN SAMAN MED LEIAR (OG DAGLEG LEIAR)

Vedtak, samr.:

Karl-Oskar Sævik og Oddvar Gjerde skriv under protokollen saman med leiar Knut Erik Engh (og dagleg leiar). Representantskapet godkjenner digital signering.

SAK NR R03/21

GODKJENNING AV ÅRSREKNESKAP 2020, REVISOR SI BERETNING OG HANDSAMING AV UNDERSKOT / OVERSKOT

Vedtak, samr.:

Representantskapet godkjenner årsrekneskapet for 2020, revisor si beretning og handsaming av underskot / overskot.

SAK NR R04/21

GODKJENNING AV EIGARMELDING 2020

Vedtak, samr.:

Representantskapet tar SSR si eigarmelding for 2020 til vitande, og ber om at meldinga blir oversendt til eigarkommunane for handsaming i kommunestyra.

SAK NR R05/21

VAL AV REVISOR OG GODKJENNING AV HONORAR TIL REVISOR ETTER REKNING

Vedtak, samr.:

1. Representantskapet godkjenner honorar til revisor etter rekning for 2020, med kr 97.263 (ekskl. mva.) for ordinære revisjonstenester og kr 67.660 (ekskl. mva.) for andre tenester.

2. Representantskapet godkjenner at BDO AS blir vald som revisor for SSR også det siste året i avtaleperioden (2021).

SAK NR R06/21

STYREVAL OG FASTSETTING AV STYREGODTGJERSLE

Vedtak, samr.:

Representantskapet viser til valgkomitéen sitt framlegg og gjer følgende val:

1. Styremedlemmer:
 - George Fulford (vald for 1 år, på val i 2022, vald som styreleiar til 2022)
 - Camilla Storøy (ikkje på val, på val i 2022, vald som nestleiar til 2022)
 - Margareth Leinebø (ikkje på val, på val i 2022)
 - Anne Holstad (vald for 2 år, på val i 2023)
 - Arnljot Muren (ikkje på val, på val i 2022)
 - Kjartan Grimstad (ikkje på val, på val i 2022)
 - Bjarte Uglum (tilsette sin representant i styret)
2. Representantskapet vedtar å auke styresatsane for 2021 med 2,7 %.

SAK NR R07/21

OPPRETTING AV EIGA KLAGENEMND FOR SSR

Vedtak, samr.:

Representantskapet vedtar at selskapet opprettar ei eiga klagenemnd frå og med 15. august 2021. Klagenemnda skal handsame klager på enkeltvedtak. Godtgjersla blir lik møtegodtgjersla i representantskapet. Nemnda konstituerer seg sjølve med leiar. Fire kandidatar, ein frå kvar eigarkommune, blir valgt til medlemmer i nemnda. Dersom nokon av dei valgte medlemmene får stillingar eller verv som utfordrar habilitetsspørsmålet, gjer representantskapet erstatningsvalg på neste ordinære møte i representantskapet.

Følgande vart valgt til å sitte i SSRs klagenemnd:

- Arnulf Goksøyr, Herøy, valgt for 2 år, på valg i 2023
- Cecilie Pedersen, Ulstein, valgt for 2 år, på valg i 2023
- Dag Audun Eliassen, Hareid, valgt for 2 år, på valg i 2023
- Camilla Auflem Vik, Sande, valgt for 2 år, på valg i 2023

SAK NR R08/21

ETTERKONTROLL ETTER SELSKAPSKONTROLLEN I SSR

Vedtak, samr.:

Representantskapet godkjenner selskapets handtering av etterkontrollen etter selskapskontrollen, og vedtar at selskapet sender representantskapet sitt vedtak over til Vest Kontroll for vidareformidling til kontrollutvalga og eigarkommunene.

SAK NR R09/21

DEPONIE I FLØSTRANDA OG ANDRE DEPONI I EIGARKOMMUNENE

Vedtak, samr.:

Representantskapet ønskjer at ansvarsfordelinga skal gjenspeile faktisk bruk på fyllplassen / deponiet i Fløstranda, og følgjande måte å løyse utfordringa på:

- a) Ulstein kommune dekker sin andel av kostnadene med deponiet med 20 % av totalkostnadene. SSR fakturerer i etterkant Ulstein kommune for deira andel av totalkostnadene – sidan det er SSR som organiserer arbeidet.
- b) SSR dekker sin andel av kostnadene med deponiet med 80 % av totalkostnadene. Kostnader knytta til hushaldningsavfallet (anslagsvis 40 % av SSR sin andel) blir dekt av sjølvkostfondet for hushaldningsrenovasjon i SSR. Kostnadene blir ført i resultatreknskapet og deretter belasta sjølvkostfondet i årsoppgjeret. Dei resterande 60 % av SSR sin andel blir fordelt med 40 % på næring og 20 % på slam.
- c) SSR tar på seg prosjektansvaret for å reparere deponiet i Fløstranda.
- d) I dei andre eigarkommunene er det, ut i frå tilbakemeldingar, pr. d.d. ingen deponi som krev tiltak no.

ORIENTERINGSSAK - SAK NR R10/21

GROVAVFÅLL INKLUDERT I GEBYRET?

Fordelar og ulemper (inkl. gebyrauke) ved å inkludere grovavfall i gebyret vart gjennomgått. Det er lite aktuelt å gjennomføre dette no, men saka kan takast opp igjen ved eit seinare høve.

ORIENTERINGSSAK - SAK NR 11/21

OMFANGET AV NÆRING I SELSKAPET

Næring er viktig for totaløkonomien i selskapet, inkl. gunstig gebyrutvikling, og er vedtatt i strategisk plan. I korte trekk betyr dette vidareføring på dagens nivå, med avgrensa risiko. Ei stor kundeavtale blir avvikla i 2022. Saka blir fulgt opp vidare.

ORIENTERINGSSAK - SAK NR R12/20

SJØLVKOSTFONDET FOR HUSHALDNINGSRÉNOVASJON

Fondet vil truleg bli redusert i næraste framtid. Dette med bakgrunn i kostnader i høve deponiet i Fløstranda, pensjonsforplikting og underskot på hushaldning. Ny vurdering rundt sjølvkostfondet blir gjort og presentert i økonomiplanen i haust.

ORIENTERINGSSAK - SAK NR R13/21

ORIENTERINGAR VED STYRELEIAR OG DAGLEG LEIAR

Generell orientering om diverse saker, der det ikkje vart gjort vedtak. Det vart orientert om følgjande:

- Kort orientering om økonomisk status så langt i 2021, der både hushaldning og næring går med overskot første del av året.
- Status for SSR og handteringa av koronapandemien. Ingen er koronasmitta i SSR så langt, og fleire smitteverntiltak, som var innført i mars 2020, gjeld enno. Elles ser ein at selskapet og dei tilsette er populære mellom innbyggjarane – både dei tilsette som er på innhentingsrutene og dei som er på miljøstasjonane. På sistnemnde er det fortsatt stor pågang og det vart solide besøksrekordar i 2020. SSR er heilt tydeleg ein viktig samfunnsinstitusjon i krisetider.
- Samarbeid med andre i regionen. Kort status for samarbeidet med andre renovasjonsselskap og kommunar, der det er utstrakt samarbeid på fleire felt – t.d. på nedstraumsløysingar, innkjøp, opplæring, kommunikasjon og ulike prosjekt. SSR vidarefører samarbeidet om gode regionale løysingar, der eventuelle samanslåingar p.t. er lite aktuelt for SSR.
- Status i prosessen med tilsetting av ny dagleg leiar.

Neste møte i representantskapet blir ultimo oktober 2021.

Rett utskrift: Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS, Ulsteinvik, 20. mai 2021

(sign.)

Knut Erik Engh
representantskapsleiar

(sign.)

Karl-Oskar Sævik

(sign.)

Oddvar Gjerde

(sign.)

Einar Heimdal
dagleg leiar

(Protokollen er godkjent elektronisk)